



Bodil Nesse
Grøvlesvingen 57 A
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3632 - 16/33963

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
14.12.2016

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 177/16 Nesse

Vi viser til dykkar søknad om utsleppsløyve mottatt 17.11.2016.

Mottakskontroll

Ved gjennomgang av søknaden ser vi at det er søkt om utsleppsløyve for 2 bustadar på gbnr 177/16 og 177/20. Søknaden omfattar nytt utslepp for bnr 16 og rehabilitering av utsleppet frå bnr 20. Det skal etablerast felles avlaupsanlegg.

Då eigedomane omfattar to eigedomar må dette gå fram av søknaden og eigarane av begge eigedomane må signera. Dette kan rettast ved å føra eigedom og signatur inn på søknadsskjema som ligg føre.

Eigedomane ligg i område som er omfatta av kommuneplanen sin arealdel. Området er avsett til LNF-føremål der det skal takast særleg omsyn til landbruk.

Bygget på gbnr 177/16 er registrert som fritidsbustad. Etablering av avlaupsanlegg for bustad på gbnr 177/16 er ikkje i samsvar med arealføremålet og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon, før søknaden om utsleppsløyve kan handsamast.

Kommunen er kjend med at søknad om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad er under planlegging, jf uttale frå Statens vegvesen datert 21.11.2016, som gjeld utvida bruk av avkjørsle til fylkesveg 401. Det må sendast inn søknad om dispensasjon frå gjeldande arealføremål før kommunen kan gje utsleppsløyve for bustad på gbnr 177/16. Dersom det er ønskjeleg å handsama søknaden ut frå den status bygget på bnr 16 har i dag som fritidsbustad, ber vi om at det vert gitt tilbakemelding på dette.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn snarast og seinast innan **01.02.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bodil Nesse
Stusdal Vvs As

Grøvlesvingen 57 A
Apalen 17

5108
5915

HORDVIK
HJELMÅS